



Nye Sogndal kommune

Nr.:	Tittel på arbeidsgruppa: Helse og omsorg		
Oppnemnd: 12-1-18	Oppnemnd av: Administrativ styringsgruppe	Frist for gruppa: Fase I: 1.4.18	Saksnr. 18/252
Mandat til arbeidsgruppa: 1. Kunnskapsgrunnlag Utarbeide eit kunnskapsgrunnlag for tenesteområdet som skildrar: 1.1 Status for tenesteområdet i dag. 1.2 Gjeldande avtaler internt og mot tredjepart. 1.3 System og programløysingar. 1.4 Kompetanse. 1.5 Relevante nøkkeltal. 1.6 Utfordringar med grunnlag i nasjonale og kommunale føringar. Frist for kartleggingsfasen blir sett til 01.04.2018. 2. Tiltaksplan Temagruppene skal lage ein tiltaksplan for oppgåver innanfor ansvarsområdet som må løysast før den nye kommunen er på plass. Tiltaksplanen skal innehalde: <ul style="list-style-type: none">• omtale av tiltaket• ansvar og omfang• når ferdig. 3. Grunnlagsdokument Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget, utarbeide eit grunnlagsdokument som skildrar satsingsområder, mål og strategiar for tenesteområdet. 4. Organisasjonsplan Med bakgrunn i grunnlagsdokumentet, utarbeide ein organisasjonsplan for tenesteområdet som skildrar organisering, lokalisering og rolle- og tenestefunksjonar. Organisasjonsplanen skal bygge på overordna prinsipp for organisering som er vedteke av overordna organ. Ressursbruk og effektivisering I arbeidet med grunnlagsdokumentet og organisasjonsplanen skal det takast omsyn til aktuelle føringar og målsettingar i politisk plattform for «Nye Sogndal kommune». Vidare skal det takast omsyn til best mogleg bruk av ressursar og effektivisering av tenestene. Framdrift Arbeidet med planlegging og førebuing av «Nye Sogndal kommune» vil bli forankra i ein eigen «Prosjektplan». Prosjektplanen kjem på plass når prosjektleiar/ny rådmann startar opp. Prosjektplanen vil fastsetje eigen framdriftsplan for både dei politiske og administrative arbeidsgruppene. Frist for punkt 2, 3 og 4 vil styringsgruppa difor kome tilbake til.			
Leiar i arbeidsgruppa: Gunnar Steine Medlemmar i arbeidsgruppa: Gunnar Steine Henrik Høberg Jan Ove Tryti Jon Tvilde Leiv Erik Husabø Margrethe Vie Myren Tillitsvald: Anne Brendset			
Avslutta:	Vedteke av:	Utvalsnr.	
Merknader:			